

ÅRSMELDING FOR 2016



Foreininga Jordbruksskolenes Venner (JV)

Jordbruksskolenes Venner har også dette året støtta dei to jordbruksskulane på Madagaskar. Kyrkjelydar, foreiningar og enkeltpersonar har gitt pengar som eingongsgåver eller som faste gjevarar. Tomb videregående skole har bidratt også dette året med pengar gjennom Operasjon Dagsverk og Vårlopet. Varhaug Kristelege Ungdomslag har gitt store beløp, og tre ungdomar derifrå var og med på dugnad på Tombontsoa hausten 2015. Pengar frå fondet som Oddbjørg og Ola Foss oppretta i samband med 50 års jubileet på Tombontsoa i 2015, har også dette året vorte brukt i tråd med retningslinene for fondet. Enkeltpersonar og bedrifter på Jæren har gitt reservedeler til traktorar og anna til dei to skulane. Og fleire vener av JV som har hatt 70 års dagar, har gitt pengane til JV.

Styret

Styret for Jordbruksskolenes Venner (JV) er det same som tidlegare:



Ole Moi, leiar t.h.,
Kolbjørn Lerstøl, styremedlem
Rolf Moi, styremedlem
Kjell Dale, kasserar
Arne Dragsund, sekretær

Styret har hatt 8 møter og handsama 64 saker i 2016.

Tombontsoa jordbruksskule



Inn til skulen Tombontsoa



Rektor Dr. Rasoloson Lala t.h. i samtale med Solofonomenjanahary Mignon, direktør i Polyconcrete Madagascar

Skuledrifta

Ved årsskiftet 2016-17 var det 360 elevar og studentar på Tombontsoa, 76 i Lycee Agricole, 60 i det eittårige kurset FPQ, og 225 i det 3 årige høgskoletilbodet IPSA (universitet). Elevtalet på Tombontsoa har auka sterkt sidan dei tok til med IPSATA og Lycee Agricole (grønt gymnas) som er treårig. Med støtte frå NMS og JV kan dei også ha oppe tilbodet om utdanning av unge bønder i det såkalla FPQ, det eitt årige kurset i jord- og husdyrbruk, økonomi, miljølære og andre relevante fag. Heilt sidan starten av Tombontsoa i 1965 har dette kurset vore berejvelken på skulen. Jordbruksskolenes Venner har bestemt at også skuledrifta kan støttast økonomisk av JV, dersom det kjem søknad om dette. Hittil har JV konsentrert seg om det reint tekniske i verkstaden og på garden, med reparasjonar av traktorane og utstyret. I det seinare også med restaurering av fjøset og nå grisehuset, samt nytt vassleidningsnett på heile skuleområdet og rundt i gardsbruket.

Gardsbruket

Praksisen for alle desse kursa får elevane/studentane på det store gardsbruket på 1250 dekar med storfe, gris og fjørfe. I tillegg arbeider elevane på Ferme Fanantenana= Håpets gard, der drifta er lagt opp slik at elevane kan ta modellane med tilbake til sine landsbyar. Her er det oksetrekkraft, handmjølking og dei fleste dyrearter. Modellgarden vart bygt i åra 1973-74. Kjell Dale, som var på Tombontsoa i november 2016, hadde også denne gong kurs i bruk av oksar som trekkdyr, og dei gjekk og gjennom reiskapar og vogner som er tilknytta denne modellgarden. Carl Peder Eianane og Marta Dale var også på Tombontsoa denne gong.



Godt samspel mellom rektor Lala og Rolf Moi



Rene er nå pensjonist etter godt 30 år på Tombontsoa, som lærar, adm.leiar og norsktalande og stor hjelp for JV. I samtale med Arne Dragsund

Gardsbruket er som nemnt ein viktig læringsarena for elevar og studentar. Kunnskapen dei får i teoretiske fag, må omsettast i praksis. At ein del av drifta på Tombontsoa er mekanisert, er noko som har vore siden starten på skulen. Så finst der alternative driftsformer som elevane kan arbeide med. Det vil ganske sikkert bli meir mekanisering i landbruket på Madagaskar i åra framover, både med forbetring av utstyr og reiskapar til oksetrekkraft, men også med bruk av tohjulstraktorar og firehjulstraktorar som ein nå ser fleire av i innlandet. Sidan skulegarden er praksisplass for også dei som studerer i IPSATA, er det nødvendig med gode tekniske løysingar for korleis ein moderne gard skal drivast. Framskrittet innanfor matproduksjonen på Madagaskar, vil komme før eller seinare. Vi må heller ikkje gløyme dei fleire tusen elevar som har gått ut frå Tombontsoa i godt 50 år. Det er desse vi finn igjen ute i landsbyane som

foregangsmenn og kvinner. Og mange av dei har satsa både på mjølkeproduksjon og andre husdyrproduksjonar, og driv jorda si på ein eksemplarisk måte. Når tida kjem for at gassiske myndigheter vil satse på dei 85 % av befolkningen som er bønder, då vil tidlegare elevar frå kyrkja sine to jordbruksskular vere klare for store utfordringar.

Gras og mais er dei viktigaste kulturane på Tombontsoa, som grunnlag for grovfor til fjøset. Utstyret som trengst på garden, er nå i bra stand med ein fireskjærs vendepløg med plastikkfjøl for å hindre at laterittjorda klinar seg fast til fjølene. Før pløying vert det køyrt ut husdyrgjødsel med gjødselvogna frå den store gjødseltanken som vart bygt for eit par år sidan. Maisen vert sådd med ei maissåmaskin. Maishaustaren haustar maisen før den vert køyrt i plansiloen utanfor fjøset. Det vert nytta 600 dekar med mais for silolegginga, av dette er 300 dekar gjødsla med naturgjødsel, resten med kunstgjødsel. Verkstaden har ansvar for vedlikehaldet av traktorar og reiskapar. Det er i dag 4 traktorar på skulen, den siste vart kjøpt på Madagaskar av JV for godt eit år sidan.



Mekanikar Lalaina i gong med maling av ei form dei har laga for brønnen. Dei er flinke og få det til!

I fjøset har dei nå redusert antal mjølkekyr frå 80 til godt 40. Grunnen er at det har vore dårleg produksjon i fjøset, og at kontrollen ikkje har vore god nok med omsyn til bedekking og kalvingsintervall. Med eit mindre antal kyr, ser det ut til at mengda mjølk aukar pr. årsku, og det er meir kontroll med dyra. Redusert antal dyr minskar og presset på tilgangen av godt surfor gjennom vinterhalvåret. Så har nok salet av mjølkekyr vore nødvendig for å skaffe pengar til blant anna gjødsel til jordbruket og mais og andre ting til produksjon av kraftforet. Det er kome ein ny fjøsmester det siste halve året. I mølla er det ikkje sal av kraftfor lenger, sidan det er kome mange kraftforprodusentar som nå sel kraftfor i Antsirabe-området, og det er stor konkurranse. Men det foregår litt maling av kveite i mølleanlegget. I grisehuset satsar dei på salg av smågriser etter avvenning. Det er rundt 30 avlspurker på Tombontsoa, men

antalet kan aukast betrakteleg når restaureringa av grisehuset er ferdig. Noko av smågrisen vert fora opp til slakt. Også denne produksjonen kan aukast framover. Det er eit stort potensiale for å auke inntekta frå gardsbruket, slik at gardsbruket er med og driv sjølve skuledrifta med tanke på det eittårige kurset FPQ. Firmaet Polyconcrete Madagascar leiger ein del av mølla for fabrikk som produserer bygningsblokker i polybetong.



NRF – besetningen i fjøset



50 år sidan dei første NRF dyra kom til Tombontsoa

Restaurering av grisehuset, bygging av ny brønn og bygging av toalettanlegg for elevar og lærarar

Grisehuset var i dårleg forfatning. Noko av takkonstruksjonen vart sveisa og ordna for eit år sidan. Heile innreiinga i fødeavdelinga og gjeldpurkeavdelinga var rusta sundt etter mange års bruk. Tomb Videregående Skole bevilga pengar via JV for utbetring av grisehuset. Dette arbeidet tok til hausten 2016, og vil gå inn i det nye året for ei slutføring av arbeidet i gjeldpurkeavdelinga. Rolf Moi var på dugnad på Tombontsoa i oktober-desember 2016, og hadde ei oppfølging av dette arbeidet, samt var ansvarleg for arbeidet med den nye brønnen.

Denne brønnen har vore i bruk i mange år, men den vart nå gravd djupare ned til 18 meter for å sikre god vasstilførsel, og murt og støypt på nytt. Arbeidet vart ferdig i byrjinga av desember-16. Med dette er det store arbeidet med vassleidningsnett på Tombontsoa avslutta, det som tok til hausten 2015 med ein stor dugnadsinnsats av folk frå Rogaland. Varhaug Kristeleg Ungdomslag har finansiert bygginga av denne brønnen, og det var også dei som finansierte det nye vassleidningsnett som vart montert i 2015.



Rolf Moi og leiaren for byggelaget ved brønnen



Utskifting av innreiinga i den eine avdelinga

Toalettanlegget på Tombontsoa var ikkje lenger brukande etter mange års bruk. Skulen ønskte difor nye toalett for elevar og lærarar på skulen. 4 entreprenørar leverte anbud på det nye anlegget. Polyconcrete Madagascar (PCCM), firmaet som leiger ein del av mølla på Tombontsoa for produksjon av bygningsblokker av brukt isopor og sement, fekk tilslaget som det rimelagste og beste anbudet. Saman med rektor og lærarar var Rolf Moi og Arne Dragsund frå JV og såg på plasinga av dette nye anlegget. Arbeidet starta opp i byrjinga av desember 2016, og skal vere ferdig etter 45 dagar, som ei totalentreprise. Det blir nå 16 nye toalett med vaskar i to atskilte bygg nær skulebygga og kontora.



Den nye mjølkestallen fungerer godt



Bygging av toalettanlegget er i gong

Hjelp til tidlegare elevar

Styret i JV bestemte at noko av pengane frå fondet som Oddbjørg og Ola Foss oppretta, skal frå 2017 av gå til å hjelpe tidlegare elevar med eit etablerstipend, slik at dei kan kome i gang med ein produksjon, anten med husdyr, dyrkingsprosjekt eller i mekaniske fag eller trearbeid. Afri, ei gassisk foreining som administrerer eit slikt hjelppearbeid i Antsirabeområdet, skal ha oppsynet og kontrollen med dette nye tiltaket. Maksimalt beløp for kvar etablerar er kr. 6000. Den enkelte har ein eigenandel på 20 % av dette. På denne måten kan dei som treng ein startkapital, få kome raskt i gang dersom dei har planer for noko nytt eller satse vidare på det dei held på med. Styret i Afri bestemmer kven som skal få støtte etter søknad. Marson, ein av lærarane på Tombontsoa, er med i styret for Afri.

Fihaonana jordbruksskole

Skuledrifta

Skulen har hatt opptaksprøve for 74 elevar til det eittårige kurset. Det er vanskeleg og seie kor mange som kjem til opninga 4. januar, sidan mange av desse manglar pengar til å kome seg til skulen, og manglar og det beskjedne beløpet som trengst til skulepengar. Men rektor vonar at rundt 50 kjem dette året. Då vil elevane følgje driftsåret i jordbruket. Eigentleg skulle elevane byrja kurset i november-16, men pga. usikkerhet om finansieringa av kurset, vart det utsett til over nytt år -17, slik det også var året før. NMS og JV har ei avtale om å gå saman om finansieringa av dette kurset på Fihaonana og det eittårige kurset på Tombontsoa, for 2017. I skrivande stund er det ikkje klart kor mykje som fell på JV og kor mykje som NMS skal dekke av dette. Med denne avtalen med NMS om finansiering av sjølv skuledrifta, går JV inn i ei ny retning. Som nemnt tidlegare har opprustning av skulegardane vore eit prioritert område. Det er det framleis, men gardane tek nå til å bli i god og produktiv stand, slik at JV kan bruke pengar på det som er skulane si viktige oppgåve, å utdanne ungdom til å bli dugande bønder, anten i innlandet med Tombontsoa, eller på austkysten med Fihaonana.

Så heng det saman dette: Eit godt drive gardsbruk er samstundes god opplæring for elevane. Det er der dei skal ha sin praksis, og dei ser kva som går godt eller som går dårleg. Målet er at dei tek med seg gode modellar tilbake til sine landsbyar når opplæringa på skulen er slutt, både i husdyrbruket og i jord- og hagebruket.



Rektor Randrianarijao Hobiharisoa på kontoret Og i lastebilen t.v. då dei lesser opp litchi som skal seljast i innlandet

Kortare kurs og rettleiingsteneste for tidlegare elevar

Skulen har kvart år i skuleferien kurs for prestar og ektefelle som kjem til Fihaonana for ei veke til fjorten dagar. Dei bur då i internatet. Siste året var det blant anna foring og stell av verpehøner og gassiske høner som sto på programmet, i tillegg til andre emne. Kurset var svært vellukka, meldest det frå dei som var med på kurset. Dette skapar også god kontakt med dei som kan sende elevar til skulen, og på den måten er Fihaonana ein skule for heile kyrkja. I november hadde skulen eit kurs i miljøkunnskap for tilsette i private organisasjonar i Vohipeno-området. Skulen tek betalt for eit slikt kurs, mens det er gratis for tilsette i kyrkja.

I ein samarbeidsavtale med den gassiske stat, har Fihaonana eit opplegg for og følgje opp dei tidlegare elevane frå Fihaonana. Rundt 1500 elevar har gått ut frå skulen sidan starten i 1983. 600 av desse skal vere med i eit opplegg som staten støttar med og gje eit startgrunnlag for dei som vil satse på og kome i gong med ein produksjon. Skulens lærarar skal følgje opp elevane og gje råd og rettleiing i dei ulike produksjonar og tiltak dei set i gong med.



Kurs på Fihaonana for tilsette i organisjonar Internatet vert brukt når prestane er på kurs

Grøn Diakoni prosjektet

Organisasjonen Plant et Tre i Norge har gitt pengar til Fihaonana og Tombontsoa i samband med eit nytt prosjekt i Den gassiske lutherske kyrkje (FLM). Prosjektet går ut på og gje opplæring og oppfølging for hyrdane som steller dei mentalt sjuke i sjukelandsbyane som

FLM eig fleire stader på Madagaskar. 20 hyrdar frå to sjukelandsbyar i nærleiken av Fihaonana, var hausten 2016 på kurs i grønsakdyrking, planting av frukttre og skogstre på Fihaonana. Dei fekk med seg tilbake til sjukelandsbyen utstyr og reiskapar for å fortsette dyrking på den jorda sjukelandsbyen eig. Og dei fekk med seg såfrø av forskjellige grønsaker. Fihaonana skal også levere småplanter av frukttre og skogstre dersom det er aktuelt å plante slike når den tida kjem. Lærarane på skulane følgjer opp arbeidet ute i sjukelandsbyane. Tanken bak eit slikt prosjekt, er at dei mentalt sjuke som ofte er lenge i ein sjukelandsby, kan gjere noko praktisk med hendene. Då er dyrking av grønsaker og andre vekster god terapi, og dei kan dyrke noko av den maten dei treng sjølve. Når dei sjuke reiser tilbake til sine landsbyar, får dei med seg nokre posar med grønsakfrø, og kan såleis fortsette og dyrke når dei kjem heim igjen.



Flotte terassar på Fihaonana og ein stor fiskedam for oppal av Tilapia-fisk. JV har finansiert oppdyrking av godt 100 dekar dei seinare åra, så nå er all jorda dyrka opp

Gardsbruket

Produksjonen i gardsbruket er allsidig. Mjølka i fjøset vert selt til konsum, eller dei lagar ost som dei sel i Manakara. Egga dei produserer vert køyrde til Farafangana eller Manakara for og seljast der. Det er stor etterspørsel etter egg på austkysten, så prisen er god. Dei forar opp alle smågrisene av dei 10 purkene dei har. Slaktegrisen køyrer dei med eigen lastebil til hovudstaden Antananarivo og sel den der til god pris. Ein ny produksjon som kom igong i 2016, er oppal av tilapia. Yngelen kjøpte dei i eit anlegg i Toamasina, ein by lenger nord på austkysten, frakta den til Fihaonana og slapp den ut i ein nybygd fiskedam med godt tilsig av vatn. Dei brukte kraftfor frå mølla som for til fisken. Den vart seld til hotell og restaurantar i Manakara med svært godt resultat. Det var stor etterspørsel etter fisken. Produksjon av gras og mais til dyra går greit. På grunn av eit spesielt tørt år, hadde dei for lite for til kyrne før regnet igjen kom i november. Dei hadde ikkje lagt mais i silo i 2016 sidan dei hadde nok fersk

mais og gras tidlegare. Produksjonen av kraftfor går godt. Dei leverer kraftfor til dei som driv med eggproduksjon på kysten, og til andre dyreslag når det er behov for det.

Det er mykje frukt på aust. I sesongen for litchi, i november og desember, samla skulen inn litchi frå folk i området som ein kollektør for desse. Frukta frakta dei til innlandsbyane med lastebilen. Då fekk dei både selt den litchien dei sjølve hadde på garden, men og den som bøndene i distriktet kom med. Dei køyrde 4 turar med frukt til innlandet nå i november. Som han sa rektor, det er godt å kunne spe på inntekta frå garden.



Griser i det nye grisehuset finansiert av JV

Hønene held god produksjon

Inntekta frå gardsbruket er god, slik at det blir eit fint overskott som kan brukast til mellom anna drift av skulen. Når nå jorda er oppdyrka for god produksjon av mais, maniok og andre vekster, kraftforproduksjonen er på plass, det er god inntekt frå fjøs, grisehus og hønehus og fiskeoppdrettet, så står Fihaonana godt rusta til å tenke delfinansiering av skuledrifta med overskotet frå gardsbruket. Kursaktiviteten og andre tiltak i ferietida hjelper og til ein god økonomi.



NRF- dyra trivs godt på austkysten



**Gassisk zebu høver godt som trekkdyr
Elevane temmer ein okse**

Okseprosjektet på Fihaonana

Jordbruksskolenes Venner har arbeidd med og bevistgjere jordbruksskulane i kor viktig det er å ta i bruk dei ressursar som ligg føre. Mellom anna har Kjell Dale vore primus motor i eit program for å temme oksar og lage gode åk og enkle reiskapar og vogner for oksetransport. Spesielt på austkysten gjennom Fihaonana, vil dette ha stor betydning for bøndene. Transport med oksar eller bruk av oksar i pløying er svært lite utbredt på aust. På Fihaonana har dei dei siste åra temt oksar som ledd i undervisninga, og det er laga oksekjerrar og anna utstyr som dei brukar i oppløringa av elevane. Meininga er at det på Fihaonana skal verte eit oksesenter for temming og sal av trekkoksar, der bøndene også kan få lære korleis dei kan lage tilpassa

åk og reiskapar til drifta på sine egne gardar. Kjell og Marta Dale og Carl Peder Eiane var nesten fjorten dagar på Fihaonana i november i samband med dette prosjektet.



Flott papya på Fihaonana



Bananpalmer gir god avling

Heimesida for JV

Det blir stadig lagt ut nye ting om Tombontsoa og Fihaonana, så ta gjerne turen innom www.jo-ve.no

Privilegium for JV

Det er eit stort privilegium å få vere med på arbeidet på jordbruksskulane Tombontsoa og Fihaonana. Dei framstår i dag som solide og gode undervisningssentra for gassisk ungdom i innlandet og på austkysten, med eit entusiastisk personale som har tru på framtida. At skulane er såkalla agree, betyr at dei av staten er anerkjende som viktige fagskular på Madagaskar. Staten sentralt er også med og rettar eksamensoppgåver for elevane og signerer vitnemåla når kursa er ferdige. Ei sterk anerkjenning av det arbeidet som skulane gjer for det gassiske landbruket. Og dette skal Jordbruksskolenes Venner få vere med på! Vi vil takke dei to rektorane og dei tilsette på skulane for at vi gong etter gong kan kome på dugnader og besøk, og bli så godt mottekne på alle måtar, som fagfolk som kan snakke utvikling og framdrift saman. Så har vi i styret dykk andre vener av skulane og støttepartnarar med oss i dette arbeidet. Ei stor takk også til Det Norske Misjonsselskap i Stavanger og på Madagaskar, for eit godt samarbeid, eit samarbeid som viser igjen på skulane, og at vi saman kan vere med og gje skulane ei framtid for det gassiske folk og landbruket på Madagaskar.

Takk for støtte til arbeidet!

Ei varm takk for støtta til viktige samarbeidsprosjekt på Tombontsoa og Fihaonana jordbruksskular på Madagaskar i 2016! Som nemnt vil JV også vere med og støtte sjølve drifta av skulane i åra framover, saman med Det Norske Misjonsselskap. Vi ser at fleire og fleire gir pengar frå t.d. 70 års dagar til JV, ei sterk anerkjenning av det arbeidet som vi er med på saman med skulane. Beløpet for skattefordel er nå 25.000 kr. Kontonummeret er 8220.0285030, merka prosjektnummer 723653.

Sandnes, den 5. januar 2017

Styret i Jordbruksskolenes Venner

Ole Moi Rolf Moi Kjell Dale Kolbjørn Lerstøl Arne Dragsund